

NotatDato: 04.10.2017
Arkivsak: 2017/15715-2
Saksbehandlar: josfjer

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål - utgreiing bussanlegg Askøy

Sak PS 209/17 «Tertialrapport pr. august 2017 - rekneskapsprognose» vart handsama av fylkesutvalet 20.09.2017, og Roald Stenseide (Frp) bad om følgjande: «Kort redegjørelse vedr. bussanlegg Askøy.»

Kommuneplanen for Askøy kommune krev detaljregulering, før bygging av bussanlegg. Hausten 2016 vart det engasjert reguleringsarkitekt for detaljregulering av området. I seinare dialog med Askøy kommune kom det fram at Askøy kommune ønska å vurdere etablering av eit reinseanlegg for avløpsvann på same tomt som bussanlegget - saman med bussanlegget. HFK har ikkje avvist utspelet, då dette kan sammen være samfunnsnyttig og kostnadsreducerande for begge partar. Det vart derfor avtalt å igangsetja detaljregulering der reinseanlegg inngår på tomten saman med bussanlegget.

Detaljreguleringa er enno ikkje utlyst offentlig, då det har vore ein del diskusjon om eit eventuelt reinseanlegg saman med eit bussanlegg vil krevja vidare utreiingar, og om auka trafikk i området vil medføre krav om utbetring av tilkomstvegane i området. Det er avklart at tiltaket ikkje fører med seg krav om nye utreiingar. Krav til utbetring av veganlegg er i ferd med å verta avklart, og i kva omfang dette skal inkluderas i detaljreguleringa for området. Det er planlagd utlysing av detaljregulering i nær framtid.

Det er frå kommunen signalisert at det vil koma til å bli ein relativt tung reguleringsprosess, og at dette vil koma til å ta noko tid. Askøy kommune må også avklare om dei skal ha eit reinseanlegget i området og kva storleik dette eventuelt skal ha. Det er ikkje truleg at byggearbeida for bussanlegget kan koma i gang før i 2020 og ferdigstillast i 2021. Leigeavtalen på eksisterande bussanlegg kan forlengast til 24.06.21 i gjeldande avtale. Det vil difor truleg vera naudsynt å utvida denne avtalen noko. Framdrift kan først detaljerast ytterlegare når Askøy kommune har vedteke omfang av si utbygging og når ein har sett omfang av klager og innvendingar til reguleringsplanen for området.